

# Uttale i høve reguleringsplanen i Matre.

## 1. Estetikk.

Anlegget skal innehalde to bygningar med ei bygningshøgde på opp til 17 m. Eit dominerande anlegg.

Matre er jo ei lita, trong bygd som allereie er prega av industri og utbygging. Her er BKK med sitt utandørsanlegg og nødvendige bygningar. Her er Havforskinga som har teke i bruk areal til hallar, forskingsbygg, vassiloar og andre installasjonar. Her er landingsplass for helikopter og her er store master og linjer som går på kryss og tvers over oss. Så har me brannstasjonen. Og E39 som pløyer gjennom bygda. Det vert mykje industrianlegg på eit lite område. Då må ein spørje om bygda ønskjer seg slike dominerande bygg som det her er lagt opp til i tillegg.

Eg er kjend med at Bjørn West museet ønskjer å laga eit visningsenter attmed E39. Truleg vil det redusere miljøet og trivnaden til Bjørn Westmuseet ved å la det få desse dominerande bygningane som nabo.

For nokre år sidan blei det opparbeidd eit grøntareal med buldrestein og benker, tre og buskar. Me ser at dette grøntarealet vert nytta både av oss som bur her og av forbifarande. Eg kunne heller ønskje meg ei meir stillfarande utbygging med mindre verksemder i området i staden for dei to store industribygga som er tenkt sett opp. I samarbeid med eit visningsenter kunne ei oppgradering av dette parkarealet gje eit innbydande miljø i området som kan innby til ein stopp for reisande.

## 2. Arbeidsplassar

I framlegget frå kommuneadministrasjonen er det ikkje sagt noko om tal arbeidsplassar. På folkemøtet på Matre opplyste ordføraren om at det kan reknast med 40 – 50 plassar. Det er nemnt noko om ei anleggstid på 10 år. I tillegg til at eg reagerer på tidsperspektivet, ser eg ikkje føre meg at det skal bli noko oppblomstring av det lokale næringslivet av den grunn. Her kjem nok store entrepenørar inn som har sine arbeidrarar. Det er ikkje sjølvstøtt at det er så mange masfjordingar blant dei.

Korleis vert det med arbeidsplassar når dette kjem i drift? For å drifte eit datasenter kan ein sitje kvar som helst i verda, både innanlands og utanlands, lokaliseringa til senteret er underordna i så måte. Viss ein har behov for assistanse til utfordringar som måtte oppstå, blir gjerne eit spesialfirma tilkalla, gjer jobben sin og forsvinn der dei kom ifrå. Det står lite att til faste arbeidsplassar knytt til Matre. Dessutan er det berre ti minuttar kjøretid til kommunegrensene både i nord og i sør. Eg er redd for at det vert fåe som får oppmøteplassen sin her på Matre, og at det vert heller lite folketalsauke eller meir skatteinngang for Masfjorden som følge av etableringa av anlegget.

3. **Energibehov.** Datalagring krev svære mengder med jamn straum heile døgnet. Viss anlegga som pr. i dag er planlagde i Noreg vert realiserte, vil det norske straumforbruket stige med nærare 20 %. Eg meiner at vi må bruke straumen vår på betre måtar no når ein er i

full gang med å skifte ut fossil energi med elektrisitet. Det verkar feil å gje råderetten over denne krafta over til store kommersielle utanlandske aktørar når me har så bruk for den sjølve.

Det er ikkje lagt fram planar for korleis varmen frå eit evt. datasenter skal nyttast. Viss ikke det er eit opplegg for dette, går store mengder energi tapt. Det er sagt at anlegget skal vasskjølast. Då stiller eg spørsmål ved om varmen som går ut i sjøen kjem til å endre miljøet i ein fjord som allereie er hardt pressa.

Anlegget det er planar om å bygge her har eit straumbehov på 12 MW. Det er eit spørsmål om dette vil vere med å auke trykket på utbygginga av vindkraft, noko som Masfjorden har sagt klårt nei til. På folkemøtet vart det sagt at det ikkje er samanheng mellom utbygging av vindkraft og etableringa av eit datasenter. Det blei argumentert med at vindkraft er altfor ustabil til å kunne nyttast. Det er eit ganske lettvin argument. Straumen me får i kontaktane er ikkje avhengig av om vindturbinane står i ro ein dag eller to. Det vi også veit er at BKK er ivrig etter å levere mengder av straum til nye prosjekt. Eit datasenter her vil auke presset på energiproduksjonen, og me kjenner alle til BKK sin glød for vindkraft.

**Lyd/støy.** Det er utført støymålingar, og desse er beskrivne i høyringutkastet. For den som ikkje er van med å tolke slike tabellar, seier dei heller lite. Men frå det ein er kjend med frå media, har vi forstått at støyen frå slike anlegg ikkje er uproblematisk for nærområdet, og må ikkje undervurderast.

Matre har fjell rundt seg som er fleire hundre meter høge. Sjølv sagt vil dette verke inn på korleis lyden vert oppfatta av dei som bur her, og det er truleg ikkje tatt høgde for dette i støymålingane. Eg bur eit par hundre meter frå der anlegget er tenkt. Slik det er no, har eg trafikken frå E39 rett bortom huset - tungtrafikk og ferjelastene kvar 20. minutt, samt trafikk tilknytta BKK og bilane til Stordalsområdet. I tillegg kjem også helikopterstøy. Det er lite ønskjeleg å toppe dette med støyen frå eit nytt industrianlegg.

## **Konklusjon.**

Iveren etter å bygge datasenter er stor. Staten ønskjer desse sentera, og har sytt for at el-avgifta deira vert redusert, samt at dei skal verte fritekne for eigedomsskatt. Difor er eigarane på jakt etter attraktive tomter for å etablere seg

Det er ikkje tilfeldig at senteret vert forsøkt lagt til Matre. Her får dei rikeleg med straum. Produsenten ligg rett utanfor hallane og det er så og seie ingen utgifter til straumtilkopling. Det er heller inga ulempe for utbyggerane at E 39 ligg nokre meter frå vegg.

Eg meiner at Masfjorden får lite positivt att for å regulere området for å legge tilhøva til rettes for datalagringsindustri. Å få ytterlegare industri pressa inn i bygda vår meiner eg verkar inn på ein negativ måte. Som eg har nemnt ovanfor finnst her allereie mykje uro frå før, og har vore det i fleire tiår. I desse dagar har vi sett ein viss nedgang i anleggsdrifta. Tanken på at det skal komme noko nytt att er ikkje god.

Matredal 31,08,20

Inger Jåstad.

